



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	20.06.2024
Møtetid:	16:30 -19:25
Møtestad:	Austevoll kommune, Kommunestyresalen

Frammøtte medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ingrid Møgster	medlem	AP	
Anita Melingen	medlem	H	
Kurt William Frank	medlem	H	
Geir Atle Taranger	varamedlem	H	
Charlotte Økland	varamedlem	H	
Arild Sivertsen	medlem	H	
Sigve Drønen	medlem	H	
Helge Andre Njåstad	medlem	FRP	
Georg Kenneth Fedøy	varamedlem	FRP	
Øystein Fammestad	medlem	FRP	
John Otto Hausbakk	varamedlem	FRP	
John Inge Vik	medlem	FRP	
Lene Haltevik Rabben	varamedlem	FRP	
Inge Andreas Halstensen	varamedlem	KRF	
Even Anders Haugland	medlem	INP	
Hans Erling Sandtorv	varamedlem	INP	
Birthe Wessel	medlem	MDG	
Anja Heggholmen	medlem	AP	

Bente Kari Sletten	ordfører	H
Taranger		
Renate Møgster	varaordfører	FRP
Klepsvik		
Geir Bergflødt	varamedlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Torbjørn Karsten Karlsen	Medlem	H
Alfred Økland	Medlem	H
Kai Eliassen	Medlem	FRP
Edvard Johannes Stangeland	Medlem	FRP
Anita Storebø Salthella	Medlem	FRP
Rolf Tore Hellesøy	Medlem	KRF
Leif Rune Drønen	Medlem	INP
Emil Økland	Medlem	FRP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Geir Atle Taranger	varamedlem	H	
Charlotte Økland	varamedlem	H	
Georg Kenneth Fedøy	varamedlem	FRP	
John Otto Hausbakk	varamedlem	FRP	
Lene Haltevik Rabben	varamedlem	FRP	
Inge Andreas	varamedlem	KRF	
Halstensen			
Hans Erling Sandtorv	varamedlem	INP	
Geir Bergflødt	varamedlem	FRP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ragnhild Kolbeinshavn	møtesekretær
Hogne Haugsdal	kommunedirektør
Bjørn Christian Bjånesøy	kommunalsjef oppvekst, kultur og fritid

Ida Heggholmen

personalsjef

Gro Kalvenes

kommunalsjef helse og velferd

Ingrid Kristina Danielsen Henriques

Kommunalsjef samfunnsutvikling

Andre som møtte:

Sindre Dueland frå KPMG orienterte om medarbeiderundersøkinga 2024 i starten av møte.

Annbjørg Ryssdal konsulent i Deloitte Norge.

Møteprotokoll er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 57/24	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 58/24	Godkjenning av møteprotokoll	
PS 59/24	Referatsaker	
RS 15/24	Møteprotokoll frå møte i ungdomsrådet 05.06.2024	
RS 16/24	Møteprotokoll frå møte i eldrerådet 04.06.2024	
RS 17/24	Møteprotokoll frå møte i råd for menneske med nedsett funksjonsevne 04.06.2024	
RS 18/24	Møteprotokoll frå møte i KU 23.05.2024 - Austevoll kommune	
RS 19/24	Oversikt over dispensasjonar i barnehagane vårhalvåret 2024	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
RS 20/24	Orientering om bygging av carport ved brannstasjonen	
RS 21/24	Finansieringsanalyse for bru i Austevoll	
RS 22/24	Kostnader med ny politisk organisering	
PS 60/24	Finansforvaltning - Status per 31.03.2024	
RS 23/24	Reglement for kommunestyret- drøfting i kommunestyret	
RS 24/24	Oppfølging politiske saker 2024 og desember 2023	
PS 61/24	Årsmelding og rekneskap 2023	
PS 62/24	Revidert budsjett 2024	
PS 63/24	Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028	
PS 64/24	Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028	
PS 65/24	Overordnet strategi for helsefellesskapet i Bergensområdet	
PS 66/24	Medarbeidarundersøking 2024 - rapport frå KPMG	

- PS 67/24 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion
- PS 68/24 Tilbakeføring av eigeendom/areal til eigar - Gbnr.19/12 - Valhammer - Otto Sørvik
- PS 69/24 Forslag til offentlig detaljreguleringsplan for Pollen Gbnr. 35/62
- PS 70/24 Detaljregulering - Gbnr. 43/225 mfl. - Austevoll ungdomsskule -og idrettsanlegg - Vedtak om oppstart
- PS 71/24 Førespurnad om innløyising av delar av festetomt i Atlanta Båthamn
- PS 72/24 Orientering om Austevoll kommune si rolle og ansvar i vegarbeidet på Birkelandsvegen
- PS 73/24 Styring av investeringsprosjekt – prinsipp- og styringsdokument
- PS 74/24 Oppstart kommunal planstrategi 2024 - 2027
- PS 75/24 Læringsnettverk for berekraftig omstilling
- PS 76/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - SD butikkdrift - Nærbutikken Møkster
- PS 77/24 Serveringsløyve - Austevoll ASV A/S - kafè/konditori
- PS 78/24 Fornyng av salsløyve - Vinmonopolet - 2024/2028
- PS 79/24 Fornyng av salsløyve for butikk - Kalsøy landhandel, bunkers & sjømat
- PS 80/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Foss AS - Rema 100 Storebø
- PS 81/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Bekkjarvik Handel A/S - Spar Bekkjarvik
- PS 82/24 Fornyng av serverings- og skjenkeløyve for serveringstad - Livsstilsenteret Storebø, avd. Storebø
- PS 83/24 Fornyng av serverings- og skjenkeløyve for serveringstad - Bekkjarvik Gjestgiveri Hotel & Suites AS

- PS 84/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Coop Hordaland SA
- PS 85/24 Fornyng av serverings- og skjenkeløyve for serveringstad - Olaskjeret
- PS 86/24 Fornyng av servering og/eller skjenkeløyve - Beckerwyc House
- PS 87/24 Fornyng av servering og/eller skjenkeløyve - Casa Mia Austevoll A/S - Kafè Storebø bryggje
- PS 88/24 Fornyng av serveringsløyve - og skjenkeløyve for serveringstad - Smakeriet burgerbar A/S
- PS 89/24 Fornyng av serverings - og skjenkeløyve for serveringstad - Casa Mia Austevoll A/S
- PS 90/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Norsk butikkdrift A/S
- PS 91/24 Val av nytt styre til Stiftinga Marsteinen fyr
- PS 92/24 Val av skjønnsmedlemmar 2025-2028
- PS 93/24 Val av meddommarar til Hordaland tingrett 2025-2028
- PS 94/24 Val av meddommarar til Hordaland jordskifterett 2025-2028
- PS 95/24 Val av meddommarar til Gulating lagmannsrett 2025-2028
- PS 96/24 Val av foliksråd 2025-2028
- PS 97/24 Framlegg til politisk møteplan for styre, råd og utval 2025
- PS 98/24 Politisk kvarter
- PS 99/24 Klage på vilkår i vedtak - Bruksendring frå fritidsbolig til bustadføre mål. Gbnr. 54/103 Heimark
- PS 100/24 Detaljregulering - Gbnr. 30/5 - Kassholmen - Detaljreguleringsplan til endeleg godkjenning

PS 57/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 57/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Framlegg frå ordførar Bente Kari Sletten Taranger:

- Flyttar sak 66/24 *medarbeidarundersøking 2024* til etter sak 58/24 *godkjenning av møteprotokoll*. Då Sindre Dueland frå KPMG vil orientera om undersøkinga.
- 68/24 vert trekt frå saklista då saka vart behandla i førre kommunestyremøte.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 57/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vert godkjent med følgande endringar:

- Flyttar sak 66/24 *medarbeidarundersøking 2024* til etter sak 58/24 *godkjenning av møteprotokoll*. Då Sindre Dueland frå KPMG vil orientera om undersøkinga.
- 68/24 vert trekt frå saklista då saka vart behandla i førre kommunestyremøte.

PS 58/24 Godkjenning av møteprotokoll

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 58/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 58/2024 Godkjenning av møteprotokoll:

Møteprotokoll frå møte i kommunestyret 18.04.2024 vert godkjent slik den ligg føre.

PS 59/24 Referatsaker

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 59/2024 Referatsaker:

Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 59/2024 Referatsaker:

Meldingane vert teken til etterretning slik dei ligg føre.

PS 60/24 Finansforvaltning - Status per 31.03.2024

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 60/2024 Finansforvaltning - Status per 31.03.2024:

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 60/2024 Finansforvaltning - Status per 31.03.2024:

Austevoll kommunestyre tek finansforvaltning – Status per 31.03.2024 til orientering.

RS 23/24 Reglement for kommunestyret- drøfting i kommunestyret

RS 24/24 Oppfølging politiske saker 2024 og desember 2023

PS 61/24 Årsmelding og rekneskap 2023

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 61/2024 Årsmelding og rekneskap 2023:

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 61/2024 Årsmelding og rekneskap 2023:

- 1.Austevoll kommunestyre tek kommunedirektøren si årsmelding til orientering.
- 2.Austevoll kommunestyre vedtek at Austevoll kommune sitt årsrekneskap blir godkjent i samsvar med revisor si melding og godkjenning.

PS 62/24 Revidert budsjett 2024

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 62/2024 Revidert budsjett 2024:

Endringsframlegg frå Industri- og næringspartiet (INP), ved Even Anders Haugland

Som formannskapet si innstilling med følgande endringar på punkt 4 og heilt nytt tilleggspunkt 3:

1. Austevoll kommunestyre tek tertialrapport for april til orientering.
2. For å tilpasse driftsnivået til nytt inntektssystem, blir driftskostnadane redusert med kr 45 mill i økonomiplanperioden. Det framtidige driftsnivået må analyserast nærare i samband med økonomiplanprosessen 2025 – 2028.
3. *All innleige av ekstern bistand skal godkjennes politisk - uavhengig om det er innanfor budsjett - ut inneværende politisk periode.*
4. *Dei fleste investeringsprosjekt som ikkje er starta opp blir stoppa eller utsett. Det blir gjort ei ny vurdering av investeringsnivå og behov i samband økonomiplanprosess 2025 – 2028.*
5. Austevoll kommunestyre gir kommunedirektøren løyve til å gjere endringar i investeringsbudsjettet slik det er beskive i saka under punkt 3.
6. Anbudskonkurransen for Storebø skule blir avlyst. Kommunedirektøren kjem attende med ei sak som beskriv alternative løysingar for Storebø skule i åra framover.
7. Austevoll kommune kan ikkje bidra med finansiering til Austevollpakken slik det er planlagt. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med fylkeskommunen for å finne andre måtar å realisere prosjekta på.

Endringsframlegg frå Høgre og Framstegspartiet, ved Bente Kari Sletten Taranger

Som formannskapet si innstilling med følgande endringar på punkt 4, 5 og heilt nytt tilleggspunkt 8:

Kulepunkt 4:

Austevoll kommunestyre gjer kommunedirektøren løyve til å gjere endringar i investeringsbudsjettet slik det er beskive i saka under punkt 3, med følgjande endringar: Utbygging Storebø skule: Anbudskonkurransen vert utsatt. Ny vurdering budsjettprosess 2024.

Uteområde ved Austevoll ungdomsskule: Vert utsatt. Ny vurdering budsjettprosess 2024.

Kulepunkt 5:

Endre dette punktet til følgjande:

Anbudskonkurransen for Storebø skule blir utsatt. Ny vurdering budsjettprosess 2024.

Vurdering skal leggjast fram som eiga sak, der også alternative løysingar og kostnadar blir lagt fram.

Nytt kulepunkt 8:

For å sikre at vi har kontroll på driftskostnadane vil det bli innført tilsetningskontroll som gjeld alle stillingar. Dette vil gjelda alle tilsetningsprosessar.

Røysting:

Runde 1:

INP sitt endringsframlegg til punkt 4 vert satt opp mot formannskapet si tilråding.

Formannskapet si tilråding vert vedteke med 19 mot 2 røyster frå INP.

Runde 2:

FrP og H sitt endringsframlegg til kulepunkt 4 vert satt opp mot formannskapet si tilråding.

FrP og H sitt endringsframlegg vert samrøystes vedteke.

Runde 3:

FrP og H sitt endringsframlegg til kulepunkt 5 vert satt opp mot formannskapet si tilråding.

FrP og H sitt endringsframlegg vert vedteke med 19 mot 2 røyster frå INP.

Runde 4:

FrP og H sitt tilleggsframlegg til nytt kulepunkt 8 vert samrøystes vedteke.

Runde 5:

INP sitt tilleggsframlegg til nytt punkt 4 fall med 19 mot 2 røyster frå INP.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 62/2024 Revidert budsjett 2024:

- Austevoll kommunestyre tek tertialrapport for april til orientering.
- For å tilpasse driftsnivået til nytt inntektssystem, blir driftskostnadane redusert med kr 45 millionar i økonomiplanperioden. Det framtidige driftsnivået må analyserast nærare i samband med økonomiplanprosessen 2025 – 2028.
- Alle investeringsprosjekt som ikkje er starta opp blir stoppa eller utsett. Det blir gjort ei ny vurdering av investeringsnivå og behov i samband økonomiplanprosess 2025 – 2028.
- Austevoll kommunestyre gir kommunedirektøren løyve til å gjere endringar i investeringsbudsjettet slik det er beskrive i saka under punkt 3, med fylgjande endringar:
Anbuds konkurransen for Storebø skule blir utsett. Ny vurdering budsjettprosess 2024.
Uteområde ved Austevoll ungdomsskule: vert utsett. Ny vurdering budsjettprosess 2024.

- Austevoll kommune kan ikkje bidra med finansiering til Austevollpakken slik det er planlagt. Kommunestyret ber kommunedirektøren gå i dialog med fylkeskommunen for å finne andre måtar å realisere prosjekta på.
- Det blir etablert eit prosjekt som skal vurdere den langsiktige økonomiske utviklinga til kommunen. Formannskapet er styringsgruppe og kommunedirektøren legg fram eit mandat for prosjektet i første møte haust 2024. Ved behov kan det hentast inn eksterne ressursar i prosjektet, det blir sett av inntil kr 500.000 til ekstern bistand. Kostnaden blir dekkja innanfor budsjetttramma for 2024.
- For å sikre at vi har kontroll på driftskostnadane vil det bli innført tilsetningskontroll som gjeld alle stillingar. Dette vil gjelda alle tilsetningsprosessar.

PS 63/24 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 63/2024 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028:

Røysting:

Tilråding frå kontrollutvalet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 63/2024 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024-2028:

- 1.Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2024 – 2028 for Austevoll kommune vert vedteken slik den ligg føre.
- 2.Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
- 3.Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
- 4.Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
- 5.Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.

PS 64/24 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 64/2024 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028:

Røysting:

Tilrådinga frå kontrollutvalet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 64/2024 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028:

- 1.Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 – 2028 for Austevoll kommune vert vedteken slik den ligg føre.
- 2.Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2028.
- 3.Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
- 4.Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
- 5.Kontrollutvalet skal innstilla om rapport etter eigarskapskontrollar til kommunestyret etter kvart.

PS 65/24 Overordnet strategi for helsefellesskapet i Bergensområdet

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 65/2024 Overordnet strategi for helsefellesskapet i Bergensområdet:

Røysting:

Tilråding frå utval for helse vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 65/2024 Overordnet strategi for helsefellesskapet i Bergensområdet:

Kommunestyret slutter seg til overordnet strategi for helsefellesskapet i Bergensregionen.

PS 66/24 Medarbeidarundersøking 2024 - rapport frå KPMG

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 66/2024 Medarbeidarundersøking 2024 - rapport frå KPMG:

Røysting:

Tilråding frå administrasjonsutvalet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 66/2024 Medarbeidarundersøking 2024 - rapport frå KPMG:

Austevoll kommunestyre tek rapporten frå medarbeidarundersøking på alvor, og vil fylgja arbeidet tett vidare.

Austevoll kommunestyre ber kommundirektøren leggja fram tiltaksplan for det vidare arbeidet for å fylgja opp rapporten og dei områda rapporten peikar på at kommunen treng tiltak.

PS 67/24 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 67/2024 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 67/2024 Endring av samarbeidsavtale for Vest brann- og redningsregion:

Austevoll kommunestyre vedtek samarbeidsavtala for Vest brann- og redningsregion kommunalt oppgåvefelleskap

PS 68/24 Tilbakeføring av eigedom/areal til eigar - Gbnr.19/12 - Valhammer - Otto Sørvik

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 68/2024 Tilbakeføring av eigedom/areal til eigar - Gbnr.19/12 - Valhammer - Otto Sørvik:

Saka vart trekt under behandlinga i sak PS 57/24.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 68/2024 Tilbakeføring av eigedom/areal til eigar - Gbnr.19/12 - Valhammer - Otto Sørvik:

PS 69/24 Forslag til offentlig detaljreguleringsplan for Pollen Gbnr. 35/62

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 69/2024 Forslag til offentlig detaljreguleringsplan for Pollen Gbnr. 35/62:

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 69/2024 Forslag til offentlig detaljreguleringsplan for Pollen Gbnr. 35/62:

Kommunestyret vedtar å ikkje gå i gang med utarbeiding av offentlig reguleringsplan forgnr. 35 bnr. 62 Pollen, Hundvåkøy.

Kommunestyret ser behovet for innstramming av budsjettinvesteringar dei kommande åra, og vurderer at offentlig reguleringsplan for Pollen på Hundvåkøy ikkje er eit prioritert planprosjekt.

PS 70/24 Detaljregulering - Gbnr. 43/225 mfl. - Austevoll ungdomsskule -og idrettsanlegg - Vedtak om oppstart

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 70/2024 Detaljregulering - Gbnr. 43/225 mfl. - Austevoll ungdomsskule -og idrettsanlegg - Vedtak om oppstart:

Røysting:

Tilråding frå utval for plan- og byggesak vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 70/2024 Detaljregulering - Gbnr. 43/225 mfl. - Austevoll ungdomsskule -og idrettsanlegg - Vedtak om oppstart:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 blir det gitt oppstart for detaljregulering på gnr. 43 bnr. 0225 m.fl. Storebø. Austevoll ungdomsskule og Austevoll idrettsanlegg.

Plannamn: Detaljreguleringsplan for gnr. 43 bnr. 0225 m.fl. Storebø.

Austevoll ungdomsskule og Austevoll idrettsanlegg.

PlanID: 4625 20240004

Plankonsulent: ABO Plan & Arkitektur AS v/ Ola Klyve Dalland og Merete Lunde

Forslagsstillar: Austevoll kommune

Planforslaget skal ved 1. gongs handsaming vere i tråd med føresetnader i referat frå oppstartsmøte datert 07.07.2022 og ha dokumentasjon som lista opp i slutten av dette vedtaket.

Plankonsulent kunngjer oppstart av planarbeid til minst ei avis, og gjennom elektroniske medier. Søkar orienterer dei som etter lova har krav på skriftleg varsel om planoppstart (grunneigar, heimelshavar, naboar, styresmakter m.m.).

Uttalefrist blir satt til 4 veker.

PS 71/24 Førespurnad om innløyising av delar av festetomt i Atlanta Båthamn

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 71/2024 Førespurnad om innløyising av delar av festetomt i Atlanta Båthamn:

Vurdering av habilitet:

Bente Kari Sletten Taranger ba om å få habiliteten sin vurdert i sak PS 71/24 - Førespurnad om innløyising av delar av festetomt i Atlanta Båthamn.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 andre ledd og tredje ledd, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Bente Kari Sletten Taranger var habill fordi det ikkje er nært slektskap til leiar i styret i selskapet som er part i saka.

Vurdering av habilitet:

Geir Atle Taranger ba om å få habiliteten sin vurdert i sak PS 71/24 - Førespurnad om innløyising av delar av festetomt i Atlanta Båthamn.

Kommunestyret vurderte habiliteten opp mot forvaltningslova § 6 andre ledd og tredje ledd, og kommunelova § 11-10 første ledd om inhabilitet for folkevalde, og vedtok samrøystes at Geir Atle Taranger var habill fordi det ikkje er nært slektskap til leiar i styret i selskapet som er part i saka.

Endringsframlegg frå Arbeidarpartiet (AP), ved Ingrid Møgster:

Som kommunedirektøren si tilråding, men endring av punk 1.

1. Austevoll kommunestyre vedtar å godkjenne innløyising av delar av festetomt gnr. 40, bnr. 167 – 260m2 til takst.

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert satt opp mot endringsframlegg frå AP.

Endringsframlegg frå AP vert vedteke med 17 mot 4 røyster frå Anita Melingen (H), Bente Kari Sletten Taranger (H), Geir Atle Taranger (H) og Renate Møgster Klepsvik (FrP).

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 71/2024 Førespurnad om innløyising av delar av festetomt i Atlanta Båthamn:

1. Austevoll kommunestyre vedtar å godkjenne innløyising av delar av festetomt gnr. 40, bnr. 167 – 260m2 til takst.

2. Atalanta Båthavn AS/kjøper må dekke gebyr og avgifter i samband med innløysinga.
3. Austevoll kommunestyre ber kommundirektør inngå tilleggsavtale til festeavtale med Atalanta Båthavn AS, i tråd med dette vedtaket.

PS 72/24 Orientering om Austevoll kommune si rolle og ansvar i vegarbeidet på Birkelandsvegen

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 72/2024 Orientering om Austevoll kommune si rolle og ansvar i vegarbeidet på Birkelandsvegen:

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 72/2024 Orientering om Austevoll kommune si rolle og ansvar i vegarbeidet på Birkelandsvegen:

Austevoll kommunestyre tek saka til orientering

PS 73/24 Styring av investeringsprosjekt – prinsipp- og styringsdokument

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 73/2024 Styring av investeringsprosjekt – prinsipp- og styringsdokument:

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 73/2024 Styring av investeringsprosjekt – prinsipp- og styringsdokument:

- Austevoll kommunestyre vedtar prinsipp- og styringsdokument for styring av investeringsprosjekt
- Kommunedirektøren legg fram prosjekthandbok for handsaming i kommunestyret haust 2024
- Kommunedirektøren startar prosess med å etablere eit elektronisk prosjektstyringssystem.
- Kommunedirektøren skal legge fram eit opplæringsystem som sikrar opplæring i prosjektstyring både for politisk og administrativt nivå.
- I samband med økonomiplanprosessen haust 2024 skal kommunedirektøren legge fram ei vurdering av behovet for interne ressursar til arbeidet med prosjektstyring og innkjøp.

PS 74/24 Oppstart kommunal planstrategi 2024 - 2027

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 74/2024 Oppstart kommunal planstrategi 2024 - 2027:

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 74/2024 Oppstart kommunal planstrategi 2024 - 2027:

Kommunestyret vedtar oppstart av kommunal planstrategi 2024 – 2028 og gir administrasjonen mandat til gjennomføre prosess slik det ligg føre i denne saka.

PS 75/24 Læringsnettverk for berekraftig omstilling

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 75/2024 Læringsnettverk for berekraftig omstilling:

Røysting:

Tilråding frå formannskapet vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 75/2024 Læringsnettverk for berekraftig omstilling:

Austevoll kommune søker om å delta i læringsnettverk for berekraftig omstilling.

PS 76/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - SD butikkdrift - Nærbutikken Møkster

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 76/2024 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - SD butikkdrift - Nærbutikken Møkster:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 76/2024 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - SD butikkdrift - Nærbutikken Møkster:

1. Austevoll kommunestyre gir løyve til sal av alkoholholdig drikk til SD butikkdrift – Nærbutikken Møkster org.nr. 928 940 470.
2. Salsløyve gjeld for alkoholhaldig drikke gruppe 1 opp til 4,7 volumprosent alkohol.
3. Løyvet omfattar innsøkt område og er gyldig frå vedtaksdato til 30. september 2028.
4. Salsløyve vert gitt med følgande salstider:

a. Alkoholgruppe 1

Måndag til fredag kl. 10.00 – 18.00

Laurdag og dag før helligdag kl. 10.00 – 18.00

5. Styrar er Sanne Moesgård og avløyser er Daniel Dyrdal. Begge har avlagt og bestått kunnskapsprøva i alkohollova.

6. Løyvet gjeld for sal inne i samsvar med søknad og skisse. Løyvet gjeld for det konseptet det er søkt for. Endring i drift eller areal må godkjennast av kommunen.

7. Salsløyve vert gjeve på vilkår av at det vert forvalta i samsvar med Lov om omsetnings av alkoholhaldig drikk m.v av 02.06.1989 nr. 27 (alkoholloven), alkoholforskrifta og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekka avvik. Det er ein føresetnad at alkoholgebyr og andre skattar og avgifter til ei kvar tid er betalte.

PS 77/24 Serveringsløyve - Austevoll ASV A/S - kafè/konditori

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 77/2024 Serveringsløyve - Austevoll ASV A/S - kafè/konditori:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 77/2024 Serveringsløyve - Austevoll ASV A/S - kafè/konditori:

1. Austevoll kommunestyre gir Austevoll ASV org nr. 929 250 389 serveringsløyve etter serveringslova.
 - a. Verksemda skal drivast i samsvar med krav frå Mattilsynet, og dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer, jamfør serveringsloven og tobakksskadeloven.
2. Svein Arne Kalvenes er godkjent som dagleg leiar for serveringsløyve.
3. Løyvet gjeld for servering inne i samsvar med søknad og skisse. Løyvet gjeld for det konseptet det er søkt for. Endring i drift eller areal må godkjennast av kommunen som løyvemynde.

PS 78/24 Fornyng av salsløyve - Vinmonopolet - 2024/2028

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 78/2024 Fornyng av salsløyve - Vinmonopolet - 2024/2028:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 78/2024 Fornyng av salsløyve - Vinmonopolet - 2024/2028:

Etter alkoholloven §3-1 kan berre A/S Vinmonopolet selja alkoholhaldig drikk med høgare enn 4,7 volumprosent. Det er krav om kommunalt løyve.

Etter alkoholloven §1-6 kan løyve til sal av alkoholhaldig drikk gjevast for 4 år om gongen, og med opphøyr seinast 30.september året etter nytt kommunestyre tar til. Ved siste tildeling av salsløyve elles i kommunen vart det gjeve løyve for heile perioden, dvs. fram til 30. september 2024.

Basert på fakta og lovheimel har kommunedirektøren ingen merknader til at salsløyvet vert fornya.

1.Løyvet gjeld for alkoholhaldig drikk gruppe 3 for sal av brennevin, vin og sterk øl med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volum%(sterk øl).

2. Austevoll kommunestyre gir A/S Vinmonopolet salsløyve for butikk Vinmonopolet Austevoll på Bekkjarvik Torg.

PS 79/24 Fornyning av salsløyve for butikk - Kalsøy landhandel, bunkers & sjømat

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 79/2024 Fornyning av salsløyve for butikk - Kalsøy landhandel, bunkers & sjømat:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 79/2024 Fornyning av salsløyve for butikk - Kalsøy landhandel, bunkers & sjømat:

1. Austevoll kommunestyre gir løyve til sal av alkoholholdig drikk til Kalsøy landhandel, bunkers & sjømat org.nr. 987 761 547.

2. Salsløyve gjeld for alkoholholdig drikke gruppe 1, opp til 4,7 volumprosent alkohol.

3. Løyvet omfattar innsøkt område og er gyldig frå vedtaksdato til 30. september 2028.

4. Salsløyve vert gitt med følgande opningstider:

a. Alkoholgruppe 1

Måndag til fredag kl. 08.00 – 18.00

Laurdag kl. 08.00 – 18.00

5. Styrar er Linda Mathilde Økland og avløyser er Malin Økland. Begge har avlagt og bestått kunnskapsprøva for alkohol.

6. Løyvet gjeld for sal inne i samsvar med søknad og skisse. Løyvet gjeld for det konseptet det er søkt for. Endring i drift eller areal må godkjennast av kommunen.

7. Salsløyve vert gjeve på vilkår av at det vert forvalta i samsvar med Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. av 02.06.1989 nr. 27 (alkoholloven), alkoholforskrifta og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekka avvik.

PS 80/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Foss AS - Rema 100 Storebø

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 80/2024 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Foss AS - Rema 100 Storebø:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 80/2024 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Foss AS - Rema 100 Storebø:

1. Austevoll kommunestyre gjev løyve til sal av alkoholholdig drikk til Kristoffer Foss ved Foss AS - Rema 1000 Storebø org.nr. 927 534 983.

2. Salsløyve gjeld for alkoholholdig drikke gruppe 1 opp til 4,7 volumprosent alkohol.

3. Løyvet omfattar innsøkt område og er gyldig frå vedtaksdato til 30. september 2028.

4. Salsløyve vert gitt som

a. Alkoholgruppe 1

Måndag til fredag frå kl. 08.00 – 20.00

Laurdag og dag før heilagdag frå kl. 08.00 – 18.00

5. Styrar er Kristoffer Foss og avløyser er Julian Oskar Ueland. Begge har avlagt og bestått kunnskapsprøven for alkohol.

6. Løyvet gjeld for sal inne i samsvar med søknad og skisse. Løyvet gjeld for det konseptet det er søkt for. Endring i drift eller areal må godkjennast av kommunen.

7. Salsløyve vert gjeve på vilkår av at det vert forvalta i samsvar med Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02.06.1989 nr. 27 (alkoholoven), alkoholforskrifta og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekka avvik.

PS 81/24 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Bekkjarvik Handel A/S - Spar Bekkjarvik

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 81/2024 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Bekkjarvik Handel A/S - Spar Bekkjarvik:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 81/2024 Fornyng av salsløyve alkohol i butikk - Bekkjarvik Handel A/S - Spar Bekkjarvik:

1.Austevoll kommunestyre gir løyve til sal av alkoholhaldig drikk volumprosent til Bekkjarvik Handel A/S . Spar Bekkjarvik org.nr. 922 250 081.

2.Salsløyve gjeld for alkoholholdig drikke gruppe 1 opp til 4,7 volumprosent alkohol.

3.Løyvet omfattar innsøkt område og er gyldig frå vedtaksdato til 30. september 2028.

4.Salsløyve vert gitt med følgande salstider:

a.Alkoholgruppe 1

Måndag til fredag frå kl. 08.00 – 20.00

Laurdag og dag før heilagdag frå kl. 08.00 – 18.00

5.Styrar er Knut Ove Dale og avløyser er Sveinung Andre Dale. Begge har avlagt og bestått kunnskapsprøven i alkohollova.

6.Løyvet gjeld for sal inne i samsvar med søknad og skisse. Løyvet gjeld for det konseptet det er søkt for. Endring i drift eller areal må godkjennast av kommunen.

7.Salsløyve vert gjeve på vilkår av at det vert forvalta i samsvar med Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk m.v. av 02.06.1989 nr. 27 (alkoholloven), alkoholforskrifta og kommunale vedtekter. Kommunen kan dra inn løyvet dersom kontrollverksemda avdekka avvik.

PS 82/24 Fornyning av serverings- og skjenkeløyve for serveringstad - Livsstilsenteret Storebø, avd. Storebø

Handsaming i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 82/2024 Fornyning av serverings- og skjenkeløyve for serveringstad - Livsstilsenteret Storebø, avd. Storebø:

Røysting:

Tilråding frå kommunedirektøren vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 20.06.2024 av sak 82/2024 Fornyning av serverings- og skjenkeløyve for serveringstad - Livsstilsenteret Storebø, avd. Storebø:

1.Austevoll kommunestyre gir Livsstilsenteret Storebø – Avd. Storebø – org nr. 998 496 195 serveringsløyve etter serveringslova.

a. Verksemda skal drivast i samsvar med krav frå Mattilsynet, og dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer, jamfør serveringsloven og tobakksskadeloven.

2.Austevoll kommunestyre gir skjenkeløyve til Livsstilsenteret avd. Storebø – org nr. 998 496 195 for innsøkt område innandørs. Gyldig frå vedtaksdato til 30. september 2028.

3.Løyvet gjeld for alkoholhaldig drikke gruppe 1, 2 og 3 (øl, vin og brennevin).

4.Løyvet omfattar innsøkt område innandørs på 400 kvm.

